



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

Vår ref.: 2018/2569-46

Dato: 20.09.2019

Til: «MOTTAKERNAVN»

Frå: Bente Høyland

## Særutskrift - Prosjekt - kommunedelplan for omsorg, helse og sosial

Kommunestyret hadde saka føre i møte 29.08.2019 som sak 2019/65.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2018/2569-41

**Saksbehandlar**

Kjartan Thoresen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2019/45	Formannskapet	06.06.2019
2019/52	Kommunestyret	20.06.2019
2019/20	Levekårskomiteen	19.08.2019
2019/65	Kommunestyret	29.08.2019

## Slutthandsaming - Kommunedelplan for omsorg, helse og sosial

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 forslag til kommunedelplan for omsorg, helse og sosial.

### Behandling i Formannskapet den 06.06.2019

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Innstilling frå Formannskapet den 06.06.2019

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 forslag til kommunedelplan for omsorg, helse og sosial.

### Behandling i Kommunestyret den 20.06.2019

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ KNUT FØRLAND, MDG:

Saka vert utsett og sendt til Levekårskomiteen for handsaming.

**Røysting:** Nytt framsett forslag vart vedteken med 22 mot 12 røyster.  
44 repr. under røysting.

### Vedtak frå Kommunestyret den 20.06.2019

**Saka vert utsett og sendt til Levekårskomiteen for handsaming.**

## Behandling i Levekårskomiteen den 19.08.2019

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ JOSTEN SAGHAUG, MDG:

Slutthandsaming – Kommunedelplan for omsorg, helse og sosial vert sendt i retur til administrasjonen for vidare sakshandsaming.

1. Avklara behov for institusjonsplassar for eldre dei neste 10 åra.
2. Avklara tiltak for foreldre til sjuke barn og foreldre til barn med nedsett funksjonsevne.
3. Avklara kva tiltak som må setjast i verk for menneske med nedsett funksjonsevne i alderen 18-67 år.
  - Tiltak må på plass for å sikra deltaking i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske.
  - Sikra at kommunen har dekkja behov for tilpassa bustader dei neste 10 åra.

**Røysting:** Framsett forslag vart sett opp mot innstillinga frå Kommunedirektøren.

Nytt framsett forslaget frå Jostein Saghaug fekk 3 røyster og fall. Jostein Saghaug MDG, Hanne Kristiansen H, Vibeke Fredheim A.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedteken med 4 røyster.

## Innstilling frå Levekårskomiteen den 19.08.2019

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 forslag til kommunedelplanplan for omsorg, helse og sosial.

## Behandling i Kommunestyret den 29.08.2019

OVERSENDINGSFORSLAG FRÅ JOSTEIN SAGHAUG, MDG:

Administrasjonen får i oppdrag å avklara kva tiltak som må setjast i verk for menneske med nedsett funksjonsevne i alderen 13-67 år.

- Tiltak må på plass for å sikra deltaking i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske.
- Sikra at kommunen har dekkja behov for tilpassa bustader dei neste 10 åra (Merk CRPD og nov 2016 – på lik linje).

Tiltak skal leggst fram for Levekårskomiteen og Kommunestyret innan sommar 2020.

**RØYSTING:**

Oversendingsforslag frå J. Saghaug, MDG – samrøystes.

Kommunedirektøren si innstilling – samrøystes.

## Vedtak frå Kommunestyret den 29.08.2019

***Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 forslag til kommunedelplanplan for omsorg, helse og sosial.***

## Saksutgreiing:

Kommunedelplanen for omsorg, helse og sosial var til handsaming i kommunestyret 20.06.2019 der fylgjande vedtak vart fatta:

## Vedtak frå Kommunestyret den 20.06.2019

### ***Saka vert utsett og sendt til Levekårskomiteen for handsaming.***

Bakgrunn for vedtaket var at planen ikkje hadde vore handsama og vedteken i Levekårskomiteen etter at den var ferdigstilt. Levekårskomiteen var i prosjektplan og i vedteke planprogram oppnemnt som referansegruppe i utarbeiding av planen. I same planprogram er prosessen for vedtak av planen vedteke. I følge den vedteke planprosessen så skulle planen til formannskapet for innstilling og til kommunestyret for vedtak i juni 2019.

#### **Historikk:**

- Planarbeidet starta opp august 2018, og planprogrammet vart fastsett i november 2018.
- Formannskapet gjorde vedtak om høyring og utlegging av planen til offentleg ettersyn 11. april 2019. Det kom inn 8 merknadar til planframlegget (merknadssamandrag ligg som vedlegg).
- Kommunedirektøren legg no fram kommunedelplanen for slutthandsaming.

#### **Bakgrunn:**

Det er første gong Kvinnherad kommune utarbeidar ein samla plan for fagområda omsorg, helse og sosial. Planen har status som tematisk kommunedelplan og skal danna grunnlag for kommunen sine prioriteringar og drift innafor desse fagområda i planperioden 2019-2029. Handlingsdelen av planen skal reviderast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

Gjennom kommunen sin planstrategi for valperioden 2015-2019, vedtok kommunestyret at det skulle utarbeidast kommunedelplan for omsorg, helse og sosial i strategiperioden. Gjeldande temaplanar skulle innarbeidast i kommunedelplanen og utgår når denne planen vert vedteken.

#### **Temaplanar som skal erstattast:**

- Rehabiliteringsplan for Kvinnherad (2008), Omsorg 2020 (2010)
- Psykiatriplan for Kvinnherad kommune(2006)
- Handlingsplan mot rusmiddelproblem 2007-2009 og Bustadsosial handlingsplan (2012).

Helse- og sosial beredskapsplan og smittevernplan vert vidareført som temaplanar på fagområdet. Bustadsosialt arbeid er behandla som del av Bustadplan - *Samla bustadplan for Kvinnherad kommune for perioden 2017-2030.*

#### **Planprosess**

Arbeidet med kommunedelplanen er gjennomført i samsvar med krav til kommuneplanprosess regulert i plan og bygningslova §§11-12 til 11-15. Vidare er krav til medverknad, høyring og offentleg ettersyn ivareteke jf. §§ 5-1 og 5-2. Planprosessen starta med dialogsamling og arbeidsseminar 29.8.2018. Formannskapet godkjente planprogram 8.11.2018. Resultat frå arbeidsseminaret danna grunnlag for val av plantema.

#### **Plantema:**

- Førebygging, helsefremming og tidleg innsats
- Aktivitet, arbeid og sosialt fellesskap
- Heilskapelege tenester - heile livet
- Omfang, utforming og lokalisering
- Frivillig sektor
- Kompetanse, rekruttering og gode fagmiljø

#### **Planprogrammet definerte følgjande mål for planarbeidet:**

- Planen vert eit felles styringsverktøy for politisk og administrativ leiing.
- Planarbeidet bidreg til at vi får eit betre kunnskapsgrunnlag for utvikling, endring og tilpassing av framtidig tenestetilbod.
- Planen dannar grunnlag for overordna, langsiktig planlegging, prioritering og styring av framtidig tenestetilbod, innafor fagområda omsorg, helse og sosial.

#### **Resultatmål:**

- Utfordringsbildet er kartlagt, skildra og analysert.
- Det er definert strategiske mål for planområdet.
- Det er utarbeidd handlingsplan for planområdet opp mot dei strategiske måla.

Det er lagt mykje arbeid i å etablerer eit godt og heilskapleg kunnskapsgrunnlag som bakgrunn for planen. Hovudtrekka frå kunnskapsgrunnlaget vert presentert i kapittel 3. Eit meir detaljert kunnskapsgrunnlag er samla i eige dokument som ligg som vedlegg til planen. Med bakgrunn i kommunen sitt utfordringsbilde, nasjonale og lokale føringar er det utarbeidd mål, strategiar og handlingplanar for dei ulike planområda.

#### **Endringar som er gjort i plandokument og kunnskapsgrunnlag etter høyring:**

- Oppdatert kapittel 2 i kunnskapsgrunnlaget med fyljande tema: rus, rusbruk hos ungdom, vald og overgrep mot barn og unge.
- Lagt til eit nytt tiltak i handlingsdelelen under «Førebygging, helsefremming og tidleg innsats».

#### **Økonomisk konsekvens:**

Økonomiske konsekvensar som følgje av tiltak i planen vert lagt inn i økonomiplanen. Sjølve planarbeidet er løyst innanfor vedteke driftsbudsjett.

#### **Miljømessig konsekvens:**

Lite relevant.

#### **Vedlegg:**

- Framlegg til kommunedelplan for omsorg, helse og sosial
- Kunnskapsgrunnlag og analysar

Samandrag av m